

SAKNR. 032/15

NEDKLASSISIFISERING AV KOMMUNALE VEGAR TIL PRIVAT VEG MED PRIVAT DRIFT- OG VEDLIKEHALDSANSVAR

11.11.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Olaug Øystese (Ap) sette fram følgjande utsettingsframlegg:” Saka vert utsett og sendt vidare til ei samferdselsnemnd som utarbeidar saka grundigare”.

Monica Tjønnå (Sp) sette fram følgjande (fellesframlegg: Sp, bl, frp, ap, H, KrF) utsettingsframlegg: ” NEDKLASSISIFISERING AV KOMMUNALE VEGAR TIL PRIVAT VEG. Saka vert utsett til første formannskapsmøte i 2016.

Til då skal administrasjonen utfylla saksutgreiinga på desse punkta:

- Bruken av kriterium må gjerast klarare og meir konsekvent. Dette gjeld t.d. "samfunnsmessig nyttig", "allmenn nytte"
- Det må koma klarare fram kva innsparingar og utgifter kommunen får.
- Det må lagast ein tidsplan for gjennomføringa”

Formannskapet drøfta utsettingsframlegga. Øystese (Ap) trekte sitt framlegg. Det vart røysta over framlegget til Tjønnå (Sp), som vart samrøystes vedteke.

FORM-032/15 VEDTAK:

NEDKLASSISIFISERING AV KOMMUNALE VEGAR TIL PRIVAT VEG.

Saka vert utsett til første formannskapsmøte i 2016.

Til då skal administrasjonen utfylla saksutgreiinga på desse punkta:

- Bruken av kriterium må gjerast klarare og meir konsekvent. Dette gjeld t.d. "samfunnsmessig nyttig", "allmenn nytte"
- Det må koma klarare fram kva innsparingar og utgifter kommunen får.
- Det må lagast ein tidsplan for gjennomføringa.